



Villanger & Sønner AS  
Rune Kristoffersen  
KNARVIK  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6535 - 22/8280

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
28.01.2022

## Igangsetjingsløyve for heile tiltaket - gbnr 1/294 Flatøy

**Administrativt vedtak:** Saknr: 109/22  
**Tiltakshavar:** Maya Sudmann Jakobsen og Alexander Sellevold  
**Ansvarleg søkjar:** Villanger & Sønner AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve igangsetjingsløyve for heile tiltaket knytt til oppføring av bustad med tilhøyrande anlegg på gbnr 1/294 på følgjande vilkår:

1. Veg skal plasserast slik det går fram av lengde- og tverrprofil datert 11.12.2022, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Trase for vass- og avløpsleidningar skal plasserast slik det går fram av kart datert 14.01.2022.
3. Rammeløyve gitt i vedtak datert 01.12.2021 med vilkår gjeld for tiltaket.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for heile tiltaket slik godkjend i rammeløyve gitt i vedtak datert 01.12.2021.

I samsvar med rammeløyvet er det send inn nye kart og teikningar som viser endeleg plassering av tilkomstveg og trase for vass- og avløpsleidningar.

Plassering av veg er supplert med lengde- og tverrprofil datert 11.12.2022.

Tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg skal skje på eigedomen gbnr 1/6. Trase for private vass- og avløpsleidningar går fram av kart datert 14.01.2022. Traseen vil gå i borehol.

Rett til plassering av leidningsnett er sikra gjennom avtale med grunneigarane. Det vert her vist til avtale datert 27.01.2022 med eigar av gbnr 1/236, avtale datert 27.01.2022 med eigar av gbnr 1/293 og avtale datert 27.01.2022 med eigar av gbnr 1/6.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 12.12.2021 og supplerande dokumentasjon sist journalført mottatt 28.01.2022.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.01.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **VURDERING**

Vilkår for igangsetjing av tiltaket, slik det går fram av rammeløyvet, er vurdert oppfylt.

### **Plassering**

Plassering av veg og trase for private vass- og avløpsleidingar vert godkjend slik det er søkt om.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Ansvarlege føretak og arbeidsområde går fram av oppdatert gjennomføringsplan versjon 2. Kommunen legg til grunn at prosjektering av tilkomstveg i sin heilskap er dekkja av SH Oppmåling AS si erklæring om ansvar og at utføring av veg er dekkja av Yd Maskin AS si erklæring.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6535

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

VA trase for gbnr 1-294

4\_KART\_Situasjonsplan - Lemgde-tverrprofiler adkomstveg sit.plan

**Kopi til:**

Alexander Sellevold	Hjelten 50	5918	FREKHAUG
Maya Sudmann Jakobsen	Hjelten 50	5918	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------